



Teknisk forvaltning

Referansar:

Dykkar:

Vår: 18/22 - 18/861

Saksbehandlar:

Bente Kopperdal Hervik

bente.kopperdal.hervik@radoy.kommune.no

Dato:

15.01.2018

## Kommunedelplan Bø - uttale kultur

Viser til Radøy kommune sine nettsider der kommunedelplan for Bø er lagt ut til høyring og offentlig ettersyn med frist 15. januar.

Rådgjever kultur har følgjande innspel til planframlegget:

1. I innleiinga til planskildringa under areal og føremål står det i samband med kulturminne og kulturmiljø at «nytteverdi/eigenverdi må dokumenterast før vern». Kulturminne kan ha eit formelt vern gjennom kulturminnelova, gjennom plan- og bygningslova eller det kan vera prioritert i kommunen sin kulturminneplan. På bakgrunn av dette bør den siste setninga i avsnittet strykast eller endrast.
2. Kartlegginga av friluftslivsområde i Radøy kommune er ikkje nemnd i planskildringa. Kartlegginga som vart slutført i 2016 hadde som mål å identifisera, avgrensa og verdisetja alle område som vert nytta til friluftsliv i kommunen. Kartlegginga er gjort i samsvar med Miljøverndepartementet sin rettleiar *M98-2013 Kartlegging og verdisetting av friluftsområder*. Kartlegginga er tilgjengeleg på kommunen sine nettsider og i Naturbase. Kartlegginga har med fleire friluftslivsområde innanfor planområdet som ikkje er nemnde i planskildringa.
3. Til punktet kulturminneverde i planskildringa: Det er også mange Sefrak-registrerte bygg innanfor planområdet. I kulturminneplanen er alle sefrak-registrerte bygg i utgangspunktet plasserte i verneklasse C. Særleg i Hauglandsvågen er det mange Sefrak-registrerte sjøhus. Eitt våningshus (gnr. 24/98) i planområdet er plassert i verneklasse B.
4. Område NA05 bør utvidast til å gjelda heile teigen søraust for fylkesvegen på kommunen sin eigedom gnr 24/22 for å sikra friluftsområdet noko lengre strandline. I friluftsområdet bør det opnast opp for friluftslivrelaterte tiltak som gapahuk, grillplass,



### Post

postmottak@radoy.kommune.no  
Radøyvegen 1690, 5936 Manger

### Kontakt

Telefon +47 56 34 90 00  
Telefaks +47 56 34 90 01

www.radoy.kommune.no  
Konto 3636 07 00776  
Org.nr. 954 748 634



**RADØY**  
den grønne øya

kanoskjul (sjå døme på bilete), frisbeegolfbane eller andre friluftrelaterte småanlegg, skilting og liknande.

5. Gamlevegen ned til brua over Hauglandsvatnet heng tett saman med brua, og ein bør vurderer å leggja veg og bru i éi omsynssone for å knyta desse kulturminna saman.
6. Dei siste åra har interessa for padling auka svært mykje, og nordre del av Radøy vert omtala som eit padleeldorado med ei rekkje holmar, øyer og tronge sund. Rådgjevar kultur har fått fleire tilbakemeldingar om at det ikkje er tilrettelagt godt nok for denne type aktivitet i området. Parkeringsplassar tett opp til stader der det er mogleg å setja ut kano eller kajakk er ei mangelvare. Eigne flytebrygger for kajakkar eller tilrettelegging for utlegging av kajakkar i tilknytning til vanlege flytebrygger bør vurderast. Flytebrygger for kajakkar og kanoar tilrettelagt for menneske med nedsett funksjonsevne er ynskjeleg.

Med helsing

Anne Dahle Austrheim  
leiar kultur- og sørvistorget

Bente Kopperdal Hervik  
rådgjevar kultur

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**  
Teknisk forvaltning